

- Har ikkje sett kommunal målsetjing

28.06.2009



Slaktinga i gang i Haugland jaktvald. (Foto: Jane Haaranes)

- Den kommunale målsetjinga har vi aldri sett, men punktet om andelen kalv og ungdyr kan sikkert endrast, skriv Lars Haugland i ein kommentar til saksutgreiinga for forvaltningskomiteen om jakta i Haugland-valdet.

Haugland oppfattar det slik at det må lagast felles bestandsplan for Uskedalen før noko kan godkjennast. Dette kjem ikkje til å skje før 2009.

På eit møte i juni oppfatta Haugland det slik at dei kunne laga ein bestandsplan for Haugland på tre år og arbeide aktivt for bestandsplan for Uskedalen i dette tidsrommet.

Haugland har reagert på at jaktvaldet fekk 48 timer til å lage ein bestandsplan og det midt i slåtten.

Han skriv vidare slik til sakshandsamar Terje Natland:

- Når vi no ikkje kan oppfylla alle dine krav, får vi vel tildelt kvoten som mest berre kalv.

Det er vel ikkje stor risiko å tildela kalveløyve. Vil tru det er mange vald der desse dyra ikkje vert tekne ut. Men for å redusere stamma er ikkje dette eit tiltak.

Leiv Trygve Varanes har no kommentert jaktresultatet for ifjor då det vart felt 1076 dyr - ein auke på 95 frå den tidlegare rekorden. Kjønnsfordelinga er litt betre enn året før og det er også svært positivt at delen unge koller har auka godt.

Det står likevel enno noko att for dei er heilt i tråd med målsettinga om å ta ut meir som kalv/ungdyr, det må då aukast med minst fem prosent.

Vektene tyder på at det er meir hjort enn det bør vera, skriv Varanes.

Det er store variasjonar i slaktevekter på åringsbukkar. I Uskedalen var den 45,2 kilo i fjor mot 44,9 året før og 46 i 2006.

Av Ola Matti Mathisen